

Desember 2021

# Samhandlingsnytt

Kjære lesar

2021 har for mange vore svært krevjande, og har synt oss kor viktige våre felles helsetenester er. Helse Førde og kommunane skal sørge for beredskap og trygghet i kvardagen og tilgang på helsehjelp av høg kvalitet ut frå behov. Koronakrisa har synt oss at våre felles helsetenester gir eit robust forsvar i krisetider, og viktigheita av at vi i fellesskap møter dei utfordringane som vi står overfor. Det tette samarbeidet mellom Helse Førde og kommunane har aldri vore viktigare, og dette vil vi byggje vidare på. Vi vil vidareutvikle etablerte samhandlingsstrukturar og i fellesskap ei helseteneste som er nær, oppdatert og førebudd på å møte helse og omsorgsbehovet til ei befolkning i endring. Helsefellesskapet vil ha fokus på *våre pasientar* og samarbeide om pasientar som treng hjelp frå ulike delar av helsetenesta.

## Samhandlingsbarometeret i «ny drakt»

Helse Førde har midlertidig lagt ned Samhandlingsbarometeret (SB). Grunnen til dette er at ein ny versjon er utvikla med ny teknologi. Dette arbeidet har teke tid, og Helse Førde har ikkje oppdatert data i den gamle løysinga som likevel skulle fasast ut. Nytt Samhandlingsbarometer vert [opna på nyåret.](#)



## Kontakt

### Nettstad

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane>

[www.samhandling-sfj.no](http://www.samhandling-sfj.no)


### Kontaktperson

[Marte Ulltang,](#)  
Samhandlingssjef Helse Førde

## Dagrun Kyrkjebø er ny samhandlingssjef i Helse Førde

Kyrkjebø er utdanna sjukepleiar med master i organisasjon og leiing, og har tidlegare arbeidd 15 år i Helse Førde som sjukepleiar og leiar. Dei siste 10 åra har ho jobba ved Høgskulen på Vestlandet som viseinstituttleder og førstelektor. Ved høgskulen har ho også forska på mellom anna kompetansebehov og kompetanseutvikling i kommunale helse- og omsorgstenester.

Dagrun Kyrkjebø seier at ho gler seg til å ta fatt på utfordringane som ligg til stillinga som samhandlingssjef, og at ho ønskjer å bygge vidare på det gode samarbeidet som finst mellom kommunane og helseføretaket.



Opningssida til det nye Samhandlingsbarometeret

SB har eksistert sidan Samhandlingsreforma vart gjennomført i 2012. Første åra inneheldt det mest data frå dåverande Sogn og Fjordane fylke, tilsvarende opptaksområdet for Helse Førde. Etter kvart vart det lagt inn data for Helse Nord sine helseføretak og opptakskommunar, og til sist kom dei andre føretaka i Helse Vest inn med sine kommunar. Den nye løysinga inneheld no data for alle helseføretak og

kommunar/bydelar i Noreg. Datakjeldene vi nyttar har også endra seg over tid i retning av større og nasjonale kjelder som t.d. Norsk Pasientregister (NPR) og Kommunalt Pasientregister (KPR) med data for heile landet. Dette gjer at SB også utan mykje meirarbeid kan presentere data for alle delar av Noreg i løysinga.

Det nye SB vil ligge ope tilgjengeleg på nett på nyåret, i fyrste omgang med eit avgrensa tal på indikatorar (variablar). Dette vil så bli utvida etter kvart.

### Korleis går det med læringsnettverket Gode pasientforløp?

13 forbedringsteam fra kommunene og tre team fra Helse Førde deltok på 3. samling for læringsnettverket Gode pasientforløp som vart halde på Jølster Hotel 1. og 2. desember. Temaet for samlinga var å vurdere eige forbetningsarbeid og å justere mål og plan for forbetningsarbeidet dei neste månadane.

Leiar av felles brukertal i Sogn og Fjordane, Eilif K. Berdal, innlegg om «Kva er viktig for deg på systemnivå?» og Marte Ulltang, samhandlingssjef i Helse Førde, og Elin Sørbotten, interkommunal samhandlingskoordinator, snakka om korleis arbeidet i læringsnettverket kan takast med inn i Sogn og Fjordane helsefelleskap. Les meir og sjå presentasjonane frå samlinga [HER](#).

### Teknologi i pasientens helseteneste

Helsedirektoratet har fått opp temaside [«Teknologi i pasientens helseteneste»](#). Bakgrunnen for denne temasida er Stortingsmelding nr. 7 (2019-2020) Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020 – 2023 som gir

### Månadens intervju Asle Kjølaurg

Konstituert fagdirektør i Helse Førde



#### Fag og yrkesbakgrunn

Har som kliniskar i hovudsak jobba som psykiater i ambulante team med fokus på rehabilitering av pasientar med Schizofreni. I den stillinga jobba eg tett på psykiatritenestene i Sunnfjord og Indre/Ytre Sogn. Eg har også jobba som fastlege i Sogndal. Som fagdirektør jobbar eg i hovudsak med samfunnsmedisinske problemstillingar som del av føretaksleinga i Helse Førde. Eg har fokus på kvalitet og pasient-tryggleik i Helse Førde, samtidig som eg har fokus ut mot Helse Vest.

#### Kva engasjerer deg innanfor samhandlingsfeltet?

Eg meiner samhandling er ein svært viktig føresetnad for å betre kvaliteten i helsetenestene. Eg har klinisk jobba mykje i grense-oppgangen mellom spesialist-helseteneste og primærhelseteneste og eg har blitt overbevist om at vi kan få veldig mykje til dersom samhandling fungerer bra.

#### Kva verdiar syns du er viktig for å oppnå god samhandling mellom tenestenivå?

Fellesskapsfølelse, respekt, audmjukskap og pasientsentrert fokus.

#### Korleis ser du føre deg samhandlinga mellom tenestenivå om 10-15 år?

Ei meir integrert helseteneste, spesielt knytt til dei fire prioriterte pasientgruppene, der samhandling har eit sentralt fokus.

retning for bruk av teknologi i pasientens helseteneste. Tenester som tidlegare kravde oppmøte hos helsepersonell eller at helsepersonell møtas fysisk, skal i større grad ytast til pasientane ved hjelp av videokonsultasjonar, oppfølging basert på pasientrapporterte data og sensorteknologi og nettbaserte behandlingsprogram. For sårbare pasientgrupper skal det medisinske utstyret flyttast dit pasienten er – ikkje omvendt. Helsedirektoratet skal i si rolle som fagmyndigheit bidra til ei kunnskapsbasert utvikling av tenestene, og bidra til at kommunar og helseføretak kan fatte sine avgjerder basert på oppdatert kunnskap om konsekvensar for alle berørte aktørar.

## Siste nytt frå

### Felles brukarutval v/leiar Eiliv Berdal

20.-21.oktober inviterte det regionale brukarutvalet i Helse Vest brukarutvala i helseføretaka i regionen til ei felles samling. Sjølv om vi på mange måtar arbeider ulikt, er slike samarbeidsseminar nyttige både for erfaringsutveksling og for å få til ein diskusjon om korleis brukarutvala best kan fungere. Det vart mellom anna dialog om at dei lovbestemte brukarutvala si rolle ikkje alltid er godt nok kjent i administrasjonen og mellom dei tilsette i føretaka, og ofte blir rolla som medverking frå tilsette og brukarmedverking frå brukarutvalet blanda saman.

Hovudtemaet på fellesmøtet var "Opplæring i forbetningsmetodikk"-v/Elisabeth Huseby, leiar for Program for pasienttryggleik i Helse Vest RHF. Der vi fekk vi ei god innføring i korleis brukarutvala og brukarrepresentantane kan delta meir strukturert både i forbetnings- og kvalitetsarbeidet i helseføretaka.

### Sogn og Fjordane helsefellesskap

#### Koordineringsrådet

Det tredje og siste møtet i [koordineringsrådet](#) for 2021 vart halde 02.12.21. I møtet vart Helsefellesskap mellom Helse Førde og kommunane døypt «Sogn og Fjordane Helsefellesskap». Saker som vart lagt fram i møtet inkluderte bl.a. orientering om arbeid med revisjon av rammeavtala mellom partnarane, orientering om arbeidet med nettverk for kommuneoverlegar, status arbeid med regionsrådssamarbeid, samt drøfting kring møteplan og konferansar for 2022 og korleis vi kan drive betre felles planlegging i tida som kjem. Saklister og godkjende referat frå koordineringsrådet finn du [HER](#).



## Sogn og Fjordane helsefellesskap Møteplan 2022

### Fagleg samarbeidsutval

17 februar

28 april

8 september

17 november

### Strategisk samarbeidsutval

2 mars

20 mai

21 september

30 november

### Partnarskapsmøte

27 oktober

## Fagrådet

Møte nummer tre i [Fagrådet](#) for 2021 vart halde 10.12.21. Saker som vart lagt fram i møtet inkluderte blant anna drøfting kring etablering og organisering av fagutval/faggrupper i fagrådet og korleis kople arbeidet i læringsnettverket inn i mot faggrupper i fagrådet. Vidare var det gjennomgang av samhandlingsavvik og dialog kring vidare arbeid med samhandlingsavvik. Det var også dialog/drøfting av fleire samhandlingsprosedyrer. Saklister og godkjende referat frå fagrådet finn du [HER](#).

## Taktisk samhandlingsgruppe

[Taktisk samhandlingsgruppe](#) har gjennom hausten hatt 2 møte kvar månad. Etter at pandemisituasjon på ny førte til inngripande tiltak i helsesektoren vart det vedtatt og ha møte i dette forumet kvar veke ut 2022. Kvart møte vert innleia med statusoppdatering frå kommunane og Helse Førde. Ut over dette skal den taktiske samhandlingsgruppa bistå med medisinske vurderingar og tilrådingar, og ha ei rolle i å koordinere tiltaka i primær- og spesialisthelsetenesta. Taktisk samhandlingsgruppe drøftar beredskapssituasjonen og korleis denne påverkar samhandlinga, og drøftar tiltak og informasjon som er naudsynt å utveksle mellom partnarane for å sikre god samordning ut i frå smittesituasjon og bemanningssituasjon. Fullstendige referat og aktuelle samhandlingsprosedyrer og informasjonsskriv som blir sendt ut frå taktisk samhandlingsgruppe, finn du [HER](#).

## Praksiskonsulentane

Saker som PKO har arbeidd med siste tida, kan du lese om [HER](#). Dei fleste møta som PKO deltek i, er digitale. Det blir gjennomført møte mellom dei tre PKOane x 1 pr. månad, og samhandlingsmøte mellom PKO, klinikkdirtør, samhandlingssjef og kommunal samhandlingskoordinator x 1 pr. månad. Sistnemnte samhandlingsmøte har vi valt å kalle «Helse Førde-modellen», og vil sannsynlegvis bli presentert på nasjonal PKO konferanse i Stavanger hausten 2022.



PKOane deltek i fleire møte og fora. Nokon av desse møteforuma er *Taktisk samhandlingsgruppe, Helsefelleskap, HelseiArbeid, eHelse Vestland,*

*eRehabilitering, DIPS interaktor (styringsgruppe), Droneprosjektet, Samhandlingsbarometeret («konsulentarbeid» på prosjekt som omfatta allmennpraksis), Helseatlas (diabetes), Grupperettleiing Lis 3 spesialisering i Helse Førde (div. diverse samhandlingstema), Fagrådet, Prosjekt legemiddelliste i Helse Førde og Samhandlingsmøte med alle avdelingar og seksjonar i Helse Førde.*